

‘Årsmelding Langrennsgruppa 2025

Aktivitetar

Skileik treningane starta som alltid opp etter haustferien i 2024 og vart avslutta til 1.april i 2025. Trening kvar torsdag. Vi hadde ein veldig kort sesong med lite snø i løypenettet. Snøen som kom i slutten av november 2024, men var stort sett vekk i midten av februar. På slutten av sesongen vart kunstsnøen til skisenteret nytta til treningane og i tillegg hadde vi barmarkstreningar ved Haugen skule. Vi helt treningane gåandes sjølv om vi ikkje hadde snø, dette er veldig viktig for å beholde den flotte gjengen som vi er.

Kvar mandag gjennom sesongen hadde vi og styrketrening i gymsalen på Stårheim for dei som går i 5.klasse eller eldre. Her er det også ein del av foreldrene som er med.

Mange av dei aktive i barne/ungdomsskule alder var med på Miljøsamling på Ullsheim 11. Oktober i regi av Markane IL. Her var det mange faglege innslag, testing av rulleski, sosiale aktivitetar og overnatting. Vi har ellers ei god gruppe av dei litt eldre som er med på renn både på Ullsheim, men også andre anlegg i Sogn og Fjordane.

Saman med Alpingruppa vart det arrangert skibyttedag i varmestova Laurdag 15. November. Denne gongen hadde vi kun åpe frå 10-12 som gjorde dette til eit effektivt arrangement som gav nokre ekstra kroner i kassa.

Det årlege nisserennet som vi arrangerer siste trening før jul, kunne denne gongen gjennomførast på snø på skiskyttarstadion.

Markedsføring og medlemmar

Vi har ei gruppe på rundt 65 medlemmar. Dei fleste er stabile medlemmar gjennom fleire år med naturlig tilkomst av nye og fråflytting på dei eldste. Vi markedsfører oss gjennom informasjonsbrev til skular i nærområdet i Stad, samt nokre nyhetsartiklar i Fjordabladet i forbindelse med renn.

Trenarstab

Reidun Smørddal Hjelle er hovudtrenar som tidlegare. I tillegg har vi Merethe Smørddal, Trygve Myrold, Ragnhild Smørddal Hjelle og Jarle Hafsås som trenarar. Ellers stiller foreldre og andre styremedlemmar opp å hjelper til med praktiske oppgåver i forbindelse med treningane.

Dugnad

Vi hadde våre to vanlege dugnadar der vi satte opp gjerder på våren og tok dei ned på hausten. Utover det, vart det gjort mindre skoging enn vanleg. Det blir nok eit større behov for dette neste år.

Langrennsgruppa deltok på plastdugnad for Handelens Miljøfond 2. mai 2025. Vi delte voksne og barn inn i grupper som plukka plast og søppel langs veinettet frå riksvei 15 og opp dalen frå både Bjørhovde og frå Klenkarberget. Ryddinga var ein suksess med eit hengarlass søppel som vi fekk inn 14.000 for til gruppa. Kveldsøkta vart avslutta med pizza til alle som var med.

Gruppa har fått sporadiske oppdrag frå Operahuset, der vi har stilt som bærehjelp for artistar på besøk, samt rigging til Opera Nordfjord. Desse korte øktene har også gitt oss ein heil del midlar i kassa.

Parkeringsvakt på Harpefossen kom ikkje i gang i 24-25 sesongen på grunn av lite snø. Vaktordninga var teken opp igjen til jul i 25. Denne gongen med ei meir eller mindre fast vakt og ei bakvakt om det var behov.

Økonomi og Sponsor

Lefdal mine sponsa oss kr 10.000,- til bruk i skileikområdet. Ellers har vi hatt inntekter av plastinnesamlinga og dugnad på Operahuset som nevnt ovanfor. Utgiftene ellers har vore små og vi har derfor ein god økonomi. Vi skulle ønske vi hadde endå litt meir for å skaffe eit lager. Dette har vi forsøkt å søke støtte til, men fått avslag så langt. Prosjektet må vi derfor utsette litt til.

For styret i Langrennsgruppa,

Jan Stian Raudi , Leiar